



Kristian Bringdal ønsjer velkommen til museumsdag. Her saman med sokneprest Jan Ove Totland.

- Dette har vore ein god dag, sa Kristian Olav Bringedal, då han oppsummerte og takka for fram møtet under avslutninga på museumsdagen på Rødtunet i ettermiddag. Dei fram møtte var nok einige med han i det. I år var det 30 år sidan den første museumsdagen på Rødtunet, og jubiléet vart markert med eit godt og innhaldsrikt program.

Tradisjonen tru starta det med gudsteneste. Denne var i år flytta til kl.15 då dei tok omsyn til at den nye soknepresten i Uskedalen vart ordinert til prest i Husnes kyrkje tidlegare i dag.

På Rødtunet var det sokneprest Jan Ove Totland som forretta medan Kristian Bringedal gjorde teneste som organist og klokkar. Sidan det hadde vore gudsteneste tidlegare i dag brukte ikkje Totland dagens tekst.

- Sidan eg er på historisk grunn har eg valt tekstar som betydde ekstra mykje for meg i oppveksten. Eg syns det var fint å bruke tekstar som har vore viktig for røtene mine, sa Totland mellom anna før han preika engasjert og interessant ut frå Joh 6, 63-69.

Som ein del av 30-års markeringa hadde Kristian ein kort og samanfatta oversikt over historia til Rødtunet, like etter gudstenesta. Eit samandrag av denne historia finn de i ei sak som vart presentert på uskedalen.no den 22.08.



Marit E. Totland hadde kunstutstilling med religiøse motiv. Her er ho saman med Arnhild Myklebust og Knut Sjøwall.

Etter dette var det tid for å vandre mellom ulike programpostar. Soknerådet sytte for kyrkjekaffi og eit rikt utval av kaker. I buo var det kunstutstilling. Der presenterte Marit Elisabeth Totland eit rikt utval av måleri med religiøse motiv. Ein kunne også sjå i gamle protokollar med interessant historisk stoff presnert både i skrift og gode bilete. Utandørs kjempa nokre om vandrepokalen i Kvinnheradsmeisterskapet i styltegåing. Meisterskapet vert omtala som eiga sak.



Soknerådet, her representert ved Hans R. Kjærland og Svanhill Haugland, sytte for kyrkjekaffi.

Klokka halv fem var det samling i røykstova att. Då var det klart for intimkonsert. Songaren Maria Malmsten kjenner vi godt. Denne gangen hadde ho med seg ektemannen, den eminente gitaristen Einar Steinkopf. Saman presenterte dei ein times program med viser, folketonar og klassiske perler og skapte ein herleg stemning i den gamle røykstova. Stova var ei perfekt ramme, og førestellinga heldt eit høgt kvalitativt nivå. Vi håpar dette lokalet kan verta brukt til liknande konsertar, eller andre intimførestellingar, framover. Dette var flott!



[Einar Steinkopf og Maria Malmsten gav oss ein god time i røykstova.](#)

Frammøtet til museumsdagen var bra, og både under gudstenesta og konserten var røykstova fylt til randa. Særleg var det gledeleg å sjå at det kom mange frå nabobygdene.



Einar Steinkopf og Maria Malmsten etter konserten (Foto: Eirik Sverdrup)
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.

